



Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykkar ref.:
200812174-4/000.T00/HEGG

Bergen, 28. januar 2009


Forslag til endringar i kommunelova - krav til kjønnsmessig balansert samansetjing av styret i kommunalt kontrollerte aksjeselskap. Høyring

Det vert vist til høyringsbrev datert 05.11.08.

Fylkesutvalet i Hordaland gjorde i møte 22.01.09, i sak 5/09 "Krav om kjønnsbalansert samansetjing av styret i kommunalt kontrollerte aksjeselskap – forslag til endringar i kommunelova. Høyring", slikt vedtak med 12 mot 3 røyster (FRP):

1. Hordaland fylkeskommune stør Kommunal- og regionaldepartementet sitt forslag til endring av kommunelova med krav til kjønnsbalansert samansetjing av styret i kommunalt/fylkeskommunalt kontrollerte aksjeselskap.
2. Kravet om kjønnsbalansert samansetjing av styret bør omfatta aksjeselskap der det kommunale/fylkeskommunale eigarskapet utgjer 2/3 eller meir.
3. Overgangsreglane bør utformast slik at styrerepresentantar ikkje må tre ut før funksjonstida er omme."

Kopi av særutskrift og saksframlegget ligg ved.


Brit Mari Heggøy
e.f.



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 200812174
Arkivnr. 000.T00
Sakshandsamar Heggøy, Brit Mari

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Fylkesutvalet	22.01.09	5/09

KRAV OM KJØNNBALANSERT SAMANSETJING AV STYRET I KOMMUNALT KONTROLLERTE AKSJESELSKAP - FORSLAG TIL ENDRINGAR I KOMMUNELOVA. HØYRING

Fylkesutvalet 22.01.09

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke mot 3 røyster (FrP).

VEDTAK

1. Hordaland fylkeskommune støt Kommunal- og regionaldepartementet sitt forslag til endring av kommunelova med krav til kjønnsbalansert samansetjing av styret i kommunalt/fylkeskommunalt kontrollerte aksjeselskap.
2. Kravet om kjønnsbalansert samansetjing av styret bør omfatta aksjeselskap der det kommunale/fylkeskommunale eigarskapet utgjer 2/3 eller meir.
3. Overgangsreglane bør utformast slik at styrerepresentantar ikkje må tre ut før funksjonstida er omme.

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND

RETT UTSKRIFT:

Kirsten Kjølshavn

DATO: 27. januar 2009



Arkivsak 200812174-2
Arkivnr. 000.T00
Saksh. Heggøy, Brit Mari

Saksgang

Fylkesutvalet

Møtedato

22.01.2009

**KRAV OM KJØNNBALANSERT SAMANSETJING AV STYRET I
KOMMUNALT KONTROLLERTE AKSJESELSKAP - FORSLAG TIL
ENDRINGAR I KOMMUNELOVA. HØYRING**

SAMANDRAG

Kommunal- og regionaldepartementet har sendt på høyring forslag om å ta inn i kommunelova reglar om kjønnsbalansert samansetjing av styre i kommunalt eigde aksjeselskap. Det er foreslått at det vert innført tilsvarende reglar som for statsaksjeselskap. Kravet til representasjon er her det same som er nedfelt i likestillingslova.

I forslaget frå departementet er berre 100 % kommunalt eigde selskap omfatta av reglane om kjønnsbalansert representasjon. Departementet ber høyringsinstansane uttala seg spesielt om også aksjeselskap som er 2/3 kommunalt eigde bør vera omfatta av same regelverket.

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å støtta departementet sitt forslag om kjønnsbalansert representasjon i kommunalt kontrollerte aksjeselskap. Også aksjeselskap der kommunar/fylkeskommunar eig 2/3 av aksjane bør vera omfatta av det same regelverket. Med ein så stor eigarpost har det offentlege i realiteten full kontroll med selskapet, og det synest då ikkje urimeleg å stilla same krav som når alle aksjane er offentleg eigde.

Høyringsfristen er 3. februar 2009.


FORSLAG TIL VEDTAK

1. Hordaland fylkeskommune stør Kommunal- og regionaldepartementet sitt forslag til endring av kommunelova med krav til kjønnsbalansert samansetjing av styret i kommunalt/fylkeskommunalt kontrollerte aksjeselskap.
2. Kravet om kjønnsbalansert samansetjing av styret bør omfatta aksjeselskap der det

kommunale/fylkeskommunale eigarskapet utgjer 2/3 eller meir.

3. Overgangsreglane bør utformast slik at styrerepresentantar ikkje må tre ut før funksjonstida er omme.


Paul M. Nilsen


Brit Mari Heggøy

Uprenta vedlegg: Høringsbrev med forslag til endringar i kommuneloven – krav til kjønnsmessig balansert sammensetning av styret i kommunalt kontrollerte aksjeselskap, datert 05.11.08
http://www.regjeringen.no/upload/KRD/Vedlegg/KOMM/horinger/Kjonnsmessig%20balanse/Høringsnotat_publicering_ny.pdf

1. Innleiing

Kommunal- og regionaldepartementet har sendt på høyring eit forslag om å ta inn i kommunelova krav om kjønnsbalanse i styre for kommunalt kontrollerte aksjeselskap. Høyringsbrevet er å finna elektronisk på http://www.regjeringen.no/upload/KRD/Vedlegg/KOMM/horinger/Kjonnsmessig%20balanse/Høringsnotat_publicisering_ny.pdf

Høyringsfristen er 3. februar 2009.

2. Gjeldande rett

Aksjeselskapsforma inneber at aksjeeigarane har eit avgrensa ansvar for selskapet sine plikter. Selskapsforma er regulert i aksjelova som gjeld for alle aksjeselskap si verksemd, også dei med kommunal deltaking. Verksemd som vert drive i regi av aksjeselskap er ikkje kommunal verksemd i forhold til kommunelova § 2. Det er dermed aksjelova som regulerer organisatoriske spørsmål i selskapet. Kommunelova sine økonomireglar og reglar om låneopptak og garantiar gjeld difor ikkje for aksjeselskap, sjølv om dei er kommunalt eigde.

Generalforsamlinga skal etter aksjelova handsama visse saker, m.a. velja styret/styrefleirtalet dersom selskapet ikkje har bedriftsforsamling. Aksjelova har ingen reglar som set krav til kjønnsbalanse i styret slik som allmennaksjelova har. Generalforsamlinga kan med få unntak ta opp til handsaming kva sak som helst som gjeld selskapet, og som hovudregel instruera styret og gjera om styrevedtak, om selskapet ikkje alt er bunde i forhold til tredjeperson.

2.1 Reglar om kjønnsbalanse

2.1.1 Kommunelova

Ved val til indirekte folkevalde organ set kommunelova krav til kjønnsbalanse både på det enkelte listeforslaget (§ 36) og til dei som vert valde frå den enkelte lista (§ 37). Ved avtaleval (§ 38a) er det krav om kjønnsbalanse for organet som sådan og ikkje det enkelte listeforslaget. Skal det veljast to eller tre medlemmer skal begge kjønn vera representerte, og skal det veljast fire eller fleire medlemmer skal kvart kjønn vera representert med minst 40 %. Reglane i kommunelova gjeld ikkje direkte for oppnemning til styre i kommunalt eigde aksjeselskap.

Val av folkevalde organ i kommunar/fylkeskommunar kan bringast inn for fylkesmannen/ departementet for legalitetskontroll.

2.1.2 Likestillingslova § 21

Lova fastset at når eit offentleg organ nemner opp utval, styre, råd, nemnder m.v. skal kvart kjønn vera representert slik:

- to eller tre medlemmer: begge kjønn skal vera representert
- fire eller fem medlemmer: kvart kjønn representert med minst to
- seks til åtte medlemmer: kvart kjønn representert med minst tre
- ni medlemmer: kvart kjønn representert med minst fire
- fleire enn ni medlemmer: kvart kjønn representert med minst 40 %

Likestillingslova gjeld i utgangspunktet berre utval som er valde eller oppnemnde av eit offentleg organ. Om likestillingslova § 21 gjeld for val av styre i aksjeselskap har vore vurdert av Lovavdelinga i Justisdepartementet, som under tvil kom til at lova kan gjelda på visse vilkår, m.a. dersom selskapet har ei rettsleg eller faktisk monopolstilling. Det må elles leggjast til grunn ei heilskapsvurdering der det også vert lagt vekt på bakgrunnen for at selskapet vart oppretta og graden av økonomisk og administrativ tilknytning til det offentlege.

2.1.3 Lova om interkommunale selskap

For interkommunale selskap (IKS) er det i lova for IKS vist til at reglane om kjønnsrepresentasjon i styre for statsaksjeselskap (aksjelova § 20-6) gjeld tilsvarende. Desse reglane har same formuleringar som likestillingslova.

2.1.4 Aksjelova

Det gjeld ikkje tilsvarende reglar om kjønsmessig balanse for privat eigde aksjeselskap og heller ikkje for kommunalt eigde aksjeselskap.

For val av tilsettere representantar til styre i aksjeselskap og allmennaksjeselskap er det gitt egne forskrifter med reglar om kjønnsbalanse.

EU-direktiv 2006/54/EF om likestilling er innlemma i EØS-avtalen, men direktivet gjeld ikkje for styreverv.

3. Kommunalt eigde aksjeselskap og kjønnsrepresentasjon i styra - oversikt

Departementet har undersøkt kor mange av dagens kommunalt kontrollerte aksjeselskap som ville oppfylt kravet til kjønnsrepresentasjon i styra vurdert i forhold til dei reglar som gjeld m.a. allmennaksjeselskap ("40-prosentregelen"). Det er funne at kommunar og fylkeskommunar har majoritetseigarskap i til saman 1112 aksjeselskap. 76,4 % av desse er heileigd av ein eller fleire kommunar/fylkeskommunar saman, 11,7 % har kommunal eigardel på mellom 50 – 67 %, og 11,9 % er eigd mellom 68 – 99 % av ein eller fleire kommunar.

I dei 1112 kommunalt eigde selskapa er det 4618 eigarvalde styre representantar. Av disse er 30,6 % kvinner og 69,4 % menn. Av tilsettere representantane er det 26,1 % kvinner og 73,9 % menn. Høgast kvinnerepresentasjon finn ein i dei kommunalt heileigde selskapa for eigarvalde representantar. For tilsettere representantane sin del er den høgaste kvinnerepresentasjonen i selskap med 50 – 67 % kommunalt eigarskap. Fleire selskap har berre ein tilsettere representant i styret og difor ikkje noko krav knytt til seg.

Selskap		Eigarvalde representantar			Tilsettere representantar			Oppfyller 40-prosentregelen
Eigardel	Selskap i alt 1112	Tal repr. i alt 4618	Kvinner i %	Menn i %	Tal repr. i alt 249	Kvinner i %	Menn i %	I alt 53,1 %
Heileigd kommunal	850	3325	32	68	180	26,1	73,9	56,8 %
68-99 % kommunalt eigd	132	658	30,1	69,9	37	24,3	75,7	44,7 %
50-57 % kommunalt eigd	130	635	23,6	76,4	32	28,1	71,9	36,9 %

4. Departementet sitt forslag

Departementet sitt forslag til lovtekst er teke inn i pkt. 6 under.

4.1 Grunngeving

Kommunal- og regionaldepartementet foreslår ein ny § 80a i kommunelova, jfr. pkt. 6 under, med krav om kjønnsbalanse i styra i kommunalt kontrollerte aksjeselskap tilsvarende det som gjeld for statsaksjeselskap. Regelen vil omfatta alle kommunalt eigde selskap utan omsyn til kva verksemd selskapet driv. I § 80b vert det foreslått ein regel om handheving av kravet til kjønnsbalanse ved at reglane i aksjelova om oppløysing av selskapet vert gjort gjeldande også for kommunalt eigde selskap.

Bakgrunnen for departementet sitt forslag er at det offentlege, også kommunane, bør gå føre med eit godt eksempel her. Det vert også vist til gode erfaringar med effekten av lovkrav til kjønnsbalanse i statsaksjeselskapa og allmennaksjeselskapa. I allmennaksjeselskap var 40,1 % av styremedlemene kvinner pr 1. juni 2008. I 2003 var talet 7 %.

Når det gjeld fullt ut privateigde aksjeselskap meiner departementet at gode grunnar talar for at det ikkje vert stilt krav om kjønnsbalanse i styra her. Grunngevinga er at dei fleste selskapa er små, private føretak der leiinga av selskapet har eit personleg preg, typisk familieselskap, der eigarane er fysiske personar som sjølv sit i styret.

4.2 Kva kommunale aksjeselskap som bør vera omfatta av reglane

Som nemnd gjeld ikkje reglane om kjønnsrepresentasjon i kommunelova direkte for oppnemning til styre i kommunalt eigde aksjeselskap. I brev til Kommunal- og regionaldepartementet i 1998 konkluderte Lovavdelinga i Justisdepartementet med at *"i kommunale aksjeselskaper bør utgangspunktet være at prinsippene om kjønnsrepresentasjon i kommuneloven (...) anvendes analogisk på styret i aksjeselskaper i den utstrekning dette følger av retningslinjene overfor"*. Retningslinjene er at det må vera eit *"vilkår at selskapet i det alt vesentlige driver mer tradisjonell forvaltningsvirksomhet, uten å være utsatt for konkurranse av noen betydning fra private aktører. Anvendelse av reglene vil derfor først og fremst være aktuelt for selskaper som har en rettslig eller faktisk monopolstilling. For øvrig vil spørsmålet bero på en helhetsvurdering, der det i tillegg må legges vekt på bl a bakgrunnen for opprettelsen av selskapet og graden av økonomisk og administrativ tilknytning til det offentlige."*

Departementet ser det som klårt at aksjeselskap som er fullt ut kommunalt eigde og som driv verksemd som er slik som nemnd over, må vera omfatta av forslaget. Spørsmålet er så om aksjeselskap som driv anna verksemd også bør vera omfatta av forslaget. I Ot.prp. nr 97 (2002-2003) vart dei nye reglane om kjønnsrepresentasjon i styra i allmennaksjeselskap grunngeve m.a. slik:

"Som det framgår av kapittel 2 foran, er det i dag en relativt lav kvinneandel i styrene i norske selskaper. Det er på det rene at kvinner og menn kan fylle ledelsesfunksjoner i næringslivet på en like god måte, og at kvinners næringslivsrelevante utdanningsnivå og kompetanse ikke står tilbake for menns. Som det sies i høringsbrevet, innebærer den lave representasjonen av kvinner i norske styrer at norsk næringsliv ikke får nyttiggjort seg den næringslivsrelevante kompetansen som innehas av kvinner. Å utnytte kvinners kompetanse bedre, vil etter departementets syn generelt bidra til å styrke ledelsen i næringslivet."

Etter departementet si vurdering gjeld dette tilsvarende for kommunalt kontrollerte aksjeselskap. På den bakgrunn foreslår departementet at reglane skal gjelda for alle kommunalt eigde aksjeselskap utan omsyn til om dei driv verksemd av meir forvaltningsmessig art eller om dei driv verksemd i ein marknad i konkurranse med privat eigde selskap. Departementet meiner at det i dag ikkje er noko sakleg grunn for å sjå krav om kjønnsbalanse i styrande organ som ei konkurranseulempe. Dessutan vil det vera lite føremålstenleg med ei lovgjeving som føreset ei skjønsmessig vurdering av i kva grad verksemda er konkurranseutsett eller ikkje.

Eit anna spørsmål er om også selskap som ikkje er 100 % kommunalt eigd også bør vera omfatta av reglane. Ved lovendringa om kjønnsrepresentasjon i statsaksjeselskap vart berre 100 % statseigde selskap omfatta av reglane. Grunngevinga var at det ville innebera at dei private medeigarane ville få andre rammevilkår enn eigarar i aksjeselskap der det offentlege ikkje er medeigar.

Departementet peikar på at det ikkje er uvanleg at det vert stilt krav til private som samarbeider med det offentlege. Dessutan vil ein eigar som har 2/3 av aksjane ha tilnærma full kontroll over selskapet då vedtektsendringar og visse andre avgjerder krev 2/3 fleirtal. Departementet nemner også at dersom det vert krav om 100 % eigarskap, kan det liggja føre ein fare for omgåing av regelverket ved at ein tek inn eit lite mindretal private eigarar for å unngå reglane om kjønnsrepresentasjon. Dette meiner departementet talar for å knyta dei nye reglane til 2/3 eigarskap.

Departementet har ikkje konkludert på spørsmålet om det bør vera 100 % eller 2/3 kommunalt eigarskap, og ber om at høyringsinstansane uttalar seg spesielt om dette.

Det vert også foreslått at heileigde dotterselskap til eit selskap som er omfatta av reglane, skal vera omfatta.

4.3 Handheving av reglane

Departementet har vurdert om gjeldande regelverk i kommunelova er tilstrekkeleg for å handheva reglar om kjønnsbalanse ved val til selskapsorgan. Konklusjonen er at det er behov for eit system tilsvarande det som er for statsaksjeselskap og allmennaksjeselskap. Det inneber at Brønnøysundregistra vert handhevingsstyresmakt også for kontroll med styresamansetjinga i kommunalt eigde aksjeselskap.

Då allmennaksjeselskap er ei eiga organisasjonsform let det seg gjera å føra kontroll med styresamansetjinga i forkant av registrering og i samband med endringar. Tilsvarande let seg ikkje gjera for kommunalt eigde aksjeselskap, som ligg innbakt i om lag 204 000 registrerte aksjeselskap i Foretaksregisteret. Departementet foreslår difor at legalitetskontroll av styresamansetjing for dei kommunalt kontrollerte aksjeselskapa vert gjennomført ein gong i året, og at det er best at dette skjer når oppdaterte opplysningar om eigarskap ligg føre i Aksjonærregisteret. Det vil verta utarbeidd konkrete rutinar for korleis kontrollen skal gå føre seg i praksis.

Ein konsekvens av at det vert kontroll berre ein gong i året og ikkje løpande når registermelding vert motteke, er at det kan skje at selskap som registrerer seg med eit ulovleg samansett styre like i etterkant av kontrollen, ikkje vert fanga opp før det har gått eitt år og neste kontroll vert gjennomført. Departementet viser til at konsekvensen av at styresamansetjinga ikkje er i tråd med lova kan vera at styret ikkje kan utøva funksjonane som selskapsstyre. Departementet reknar likevel med at det sjeldan vil vera kommunale aksjeselskap som ikkje vel eit styre som fyller krava i lova og at det oppstår spørsmål om kor vidt styret er funksjonsdyktig.

Skal reglane som vert foreslått kunna handhevast effektivt, må det vera mogleg for Brønnøysundregistra å skilja ut dei selskapa som er 100 % eller minst 2/3 eigd av kommunar. Det finst ikkje i dag eit slikt system. Brønnøysundregistra har oversikt over kjønnsamansetjinga i alle styre, men det må liggja føre opplysningar om eigarskap for å kunna avgjera kvar det skal gjennomførast legalitetskontroll. Departementet har vurdert om aksjonærregisteret, som har opplysningar om aksjonærer i norske selskap, kan nyttast. Det har vist seg at dette registeret åleine ikkje gir sikker nok identifikasjon for dette formålet.

Departementet har kome til at det er mest formålstenleg at Brønnøysundregistra kontrollerer selskap som fell inn under regelverket ein gong i året. Det bør skje etter at selskapa har sendt inn aksjonærregisteroppgåva til aksjonærregisteret 10. februar. Det er ein førestnad for å kunna setja i verk reglar om kjønnsrepresentasjon for kommunalt kontrollerte aksjeselskap at ein får på plass eit system for identifikasjon av selskapa.

4.4 Tilsettere representasjon

Departementet foreslår også å innføra krav til kjønnsbasert tilsettere representasjon i kommunalt kontrollerte aksjeselskap tilsvarande dei som gjeld for allmennaksjeselskap og statsaksjeselskap. I tilknytning til dette vert det foreslått at representasjonsforskrifta (Forskrift om ansattes rett til representasjon i aksjeselskapers og allmennaksjeselskapers styre og bedriftsforsamling m.v.) skal gjelda så langt det høver.

4.5 Overgangsreglar

Departementet gjer framlegg om at for selskap som vert registrert etter at reglane er sette i verk, må krava til kjønnsrepresentasjon vera oppfylte frå registreringa. Desse selskapa vil vera førebudd på

reglane om kjønnsrepresentasjon allereie i oppstartfasen. For selskap som alt er registrerte, vert det foreslått ein overgangsperiode på to år for å skifta ut styremedlemer.

Elles foreslår departementet å gjera endringar i kml §§ 36, 37 og 38a i reglane om kjønnsrepresentasjon. Endringane er ei harmonisering med reglane i likestillingslova og regelverket elles.

5. Fylkesrådmannen si vurdering

Fylkesrådmannen er i det store og heile samd i departementet sitt forslag til endringar i kommunelova.

Departementet er tydeleg på at det må vera krav til kjønnsbalanse i styra for 100 % kommunalt kontrollerte aksjeselskap. I tillegg til 100 % kommunalt eigde aksjeselskap bør, etter fylkesrådmannen si vurdering, også 2/3 kommunalt eigarskap vera omfatta av reglane. I selskap der kommunar/fylkeskommunar eig 2/3 har det offentlege i realiteten full kontroll over selskapet. Det er vanskeleg å sjå at dei private minoritetsaksjonærane vil koma spesielt urimeleg ut på grunn av eit krav om at begge kjønn skal ha ein viss representasjon i styret. Det offentlege vil vera i posisjon til å ha styrefleirtalet og med det ha eit særleg ansvar for samansetjinga av styret.

Forslaget om krav om kjønnsbalanse i styre i aksjeselskap bør omfatta selskap der det kommunar/fylkeskommunar eig 2/3 eller meir av aksjane.

I selskap der det er fleire aksjonærer kan det med nye reglar vera nødvendig med ei viss samordning for å få til lovleg samansetjing av styret. Departementet har ikkje drøfta denne problemstillinga særleg, men det synest å vera behov for ein valkomite i samband med generalforsamlinga sitt val av styre, spesielt der det er fleire aksjonærer. Aksjelova set ikkje forbod mot å oppretta valkomitear, som truleg bør brukast i større grad for å sikra eit lovleg samansett styre.

Departementet har foreslått ein overgangsperiode på to år for å skifta ut styremedlemer med det føremålet å få kjønnsbalanse i styret. Etter aksjelova er to år vanleg tenestetid, men i vedtektene kan det fastsetjast kortare eller lengre tenestetid, men ikkje til meir enn fire år.

Kommunale representantar i selskapsstyre vert gjerne peikte ut i det ny valperiode tek til, og det vert gjerne lagt til grunn at valet skal gjelda for to toårsperiodar, det vil seia ein kommunal valperiode. Formelt val finn stad i førstkomande generalforsamling med funksjonstid frå dette tidspunktet Dette saman med at det kan vera vedtektsfesta fireårsperiode, gjer at ein overgangsperiode på to år i visse tilfelle kan føra til at styremedlemer må tre ut før perioden er omme. I kva grad dette vil skje vil m.a. vera avhengig av når lova trer i kraft i forhold til den kommunale valperioden. Departementet bør ha desse momenta med i vurderinga av overgangsreglar.

Det er positivt at det vert gjort ei harmonisering av reglane i kommunelova, likestillingslova og regelverket elles.

6. Departementet sitt lovforslag

Lovforslag

I

Lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) blir endret slik:

§ 36 nr. 2 skal lyde:

Skal det velges to eller tre medlemmer, skal hvert kjønn være representert på den enkelte liste. Skal det velges fire eller fem medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst to. Skal det velges seks til åtte medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst tre. Skal det velges ni medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst fire, og skal det velges flere medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst 40 prosent. Ved valg til folkevalgte organer som etter lov bare består av medlemmer av kommunestyre eller fylkesting, og ved valg av arbeidsutvalg for folkevalgte organer, skal disse reglene følges så langt det er mulig.

§ 37 nr. 3 skal lyde:

Viser det seg at et kjønn etter denne fremgangsmåten vil bli representert med færre medlemmer enn det som følger av neste ledd, rykker kandidater fra det underrepresenterte kjønn så langt mulig opp på listen i det omfang som er nødvendig for å oppnå slik balanse.

Får listen to eller tre medlemmer, skal hvert kjønn være representert. Får listen fire eller fem medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst to. Får listen seks til åtte medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst tre. Får listen ni medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst fire, og skal det velges flere medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst 40 prosent.

§ 38 a nr. 3 skal lyde:

Viser det seg at et kjønn vil få færre medlemmer enn det som følger av neste ledd, skal kandidater fra det underrepresenterte kjønn settes inn i det omfang som er nødvendig for å oppnå slik balanse. Ved valg til folkevalgte organer som etter lov bare består av medlemmer av kommunestyre eller fylkesting, og ved valg av arbeidsutvalg for folkevalgte organer, skal disse regler følges så langt det er mulig. *Skal det velges to eller tre medlemmer, skal hvert kjønn være representert blant dem som velges. Skal det velges fire eller fem medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst to. Skal det velges seks til åtte medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst tre. Skal det velges ni medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst fire, og skal det velges flere medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst 40 prosent.*

Nytt kapittel 12 A skal lyde:

Kapittel 12 A. Aksjeselskaper der kommuner eller fylkeskommuner eier minst to tredeler av selskapet. Representasjon av begge kjønn i styret.

§ 80 a. Representasjon av begge kjønn i styret

1. Reglene i aksjeloven § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styret gjelder tilsvarende for aksjeselskap hvor kommuner og fylkeskommuner til sammen eier minst to tredeler av (alternativt "alle") aksjene i selskapet.

2. Departementet kan gi forskrift om den nærmere gjennomføringen av valget av styremedlemmer som velges av og blant de ansatte etter reglene i aksjeloven § 6-4 eller § 6-35 jf. allmennaksjeloven § 6-37 første ledd med tilhørende forskrifter, for å legge til rette for at valget oppfyller kravene til representasjon av begge kjønn i styret.

§ 80 b. Håndheving

Lov 13. juni 1997 nr. 44 om aksjeselskaper §§ 16-15 til 16-18 kommer til anvendelse når et selskap som nevnt i § 80 a, ikke har meldt til Foretaksregisteret et styre som oppfyller kravene til representasjon av begge kjønn i styret.

II

Loven gjelder fra den tid Kongen bestemmer.

III

For aksjeselskaper der kommuner eller fylkeskommuner eier minst to tredeler av selskapet og som er stiftet og registrert i Foretaksregisteret før kommuneloven § 80 a settes i kraft, skal styret være sammensatt i samsvar med loven her innen to år etter ikraftsettingsdatoen.